



Hjelmeland kommune

I aktivitet



*Plan for idrett og fysisk aktivitet
2005 - 2016*

Vedtatt i kommunestyret 12.01.2005 sak: 0009/05

Innhald

Ansvarleg for utarbeiding av planen	3
<i>1. Innleiing</i>	<i>4</i>
Behovet for plan for idrett og fysisk aktivitet	4
Føringar	4
<i>2. Målsetting for kommunen si satsing på idrett og fysisk aktivitet</i>	<i>5</i>
<i>3. Resultatvurdering av gamal plan</i>	<i>7</i>
Utviklinga i kommunen i perioden 1997 –2004	7
Gjennomføring av prioritert handlingsprogram for perioden 1997 – 2001:	7
<i>4. Status</i>	<i>8</i>
Anlegg	8
<i>5. Målsetting for anleggsutbygging og sikring av areal for idrett og friluftsliv.</i>	<i>11</i>
Kortsiktige behov for anlegg og aktivitet (0 – 4 år)	11
Langsiktige behov for anlegg og aktivitet (5 – 12 år)	11
<i>6. Program for utbygging av idretts- og friluftsanlegg</i>	<i>12</i>
Ettårig prioritert program	12
Kortsiktig prioritert program (2 - 4 år)	12
Langsiktige behov for anlegg – uprioritert rekkefølge (5 - 12 år)	13
<i>7. Økonomiplan knytt til drift og vedlikehald av eksisterande kommunale anlegg</i>	<i>13</i>
<i>8. Rutinar for rullering</i>	<i>14</i>
<i>9. Tabelliste</i>	<i>14</i>
<i>10. Litteratur</i>	<i>14</i>
<i>11. Vedlegg - Kart</i>	<i>14</i>

Ansvarleg for utarbeiding av planen

Jordbruksleiar: Torborg Kleppa

Kommunesjef bygdeutvikling: Haldis Nilsen

Kulturleiar: Lars Slettabø

Rådgjevar for plan- og utvikling: Eva Kristin Aune

Tverrfagleg arbeidsgruppe:

Næringsforeininga v/Per Magne Gabrielsen

Idrettsrådet v/ Siri Viga

”Dei grøne” v/ turlagsleiar Kjell Asbjørn Olsen

Kroppsøvlingslærer v/ Hjelmeland u-skule; Ronny Mæland

1. Innleiing

Behovet for plan for idrett og fysisk aktivitet

Kulturdepartementet krev at kommunane skal lage kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Kommunedelplanen skal vere eit nyttig verktøy for å styre utbygging av anlegg og område for idrett og friluftsliv. I ein samla plan vil ein kunna få ein god oversikt over behova på anleggssektoren, og kommunen vil få eit godt grunnlag for nødvendige prioriteringar.

Idrett – aktivitet i form av konkurranse, eller trening i den organiserte idretten

Fysisk aktivitet – eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar, medrekna friluftsliv og leikprega aktivitet.

Føringar

Det juridiske rammeverket planarbeid er avklart i Kap. 4 i Plan- og bygningslova §§ 20.1, 20.2, og 20.5.

Statleg

Mål og rammer for den nasjonale politikken blir formidla gjennom stortingsmeldingar, rikspolitiske retningslinjer (RPR), rundskriv og bestemmingar for tilskotsordningar m.m.

Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernavdelinga har i «Handlingsplan for friluftsliv i Rogaland» føreslege desse områda som fylkesanlegg for friluftsliv:

- *Søre Kvaløy*
- *Søndre Børøyholmen (er ferdig tilrettelagt)*
- *Svansholmen*
- *Espholmen*

I gjeldande kommuneplan for Hjelmeland 2001 - 2006, er dei tre første områda bandlagde for formålet, og Espholmen er sett av som LNF-område-**f** kor friluftsinteresser har høgste prioritet.

Fylkeskommunal

Den nye planen for Idrett og fysisk aktivitet må også sjåast i samanheng med Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturvern (FINK). Den må også sjåast i samanheng med satsinga "Frisk i friluft", der Hjelmeland kommune er med.

2. Målsetting for kommunen si satsing på idrett og fysisk aktivitet

Det overordna målet for statleg idrettspolitik og for Hjelmeland kommune blir formulert gjennom visjonen:

Idrett og fysisk aktivitet for alle

Visjonen inkluderer alle, og Hjelmeland kommune vil leggje til rette for at flest mogleg skal kunne driva fysisk aktivitet i nærområdet, inne og ute. Likevel er det enkelte grupper som skal prioriterast sterkare enn andre.

Barn (6-12 år) og ungdom (13-19 år) skal prioriterast

Anlegg i lokalmiljøet som stimulerer og tilfredsstiller barn sine behov for fysisk aktivitet i organiserte og eigenorganiserte former prioriterast særskilt. Fysisk aktivitet og fysisk velvære fremjar læring. Når det gjeld ungdom, er det eit mål å utvikle anlegg som tilfredsstiller ungdommen sine behov for utfordringar og variasjon. Anlegga bør fungera som gode sosiale møteplassar i lokalsamfunna. Ein skal også ta omsyn til transportbehovet når ein planlegg nye anlegg.

I arbeidet retta mot barn og unge skal foreldre/føresette også engasjerast. Det er ei kjensgjerning at foreldre/føresette er viktige rollemodellar for dei unge. For at ein skal ha suksess med barna og dei unge, er det ei føresetnad at ein har eit godt samarbeid med dei vaksne. Ein positiv bieffekt er større fysisk aktivitet blant vaksne innbyggjarar.

Tiltak:

- Skolebarn skal vere i fysisk aktivitet minst ein skoletime til dagen.
- Uteskole.
- Nærmiljøanlegg.

Funksjonshemma skal gis tilgang til og moglegheit for bruk av anlegg

Dei funksjonshemma er ei gruppe som har behov for fysisk aktivitet på linje med resten av befolkninga, og i nokre tilfelle i større grad. Likevel er det mange anlegg som ikkje er tilrettelagde for denne gruppa. Nye anlegg bør tiltretteleggast for funksjonshemma, i tillegg til at oppgradering av dei anlegga som allereie finst i kommunen bør prioriterast, slik at dei kan brukast av funksjonshemma.

Tiltak:

- Oppgradering av Hjelmelandshallen
- Oppgradering av symjehallen
- Funksjonshemma sine behov skal ivaretakast i samband med planlegging og utbygging av nye anlegg

Friluftsliv skal prioriterast

I Hjelmeland kommune har befolkninga god tilgang på fjell og sjø. Mykje tyder på at dette også blir brukt. Ein indikator på at innbyggjarane har eit bra friluftsliv er det høge medlemstalet i Norges Turistforening. Mange foreldre, lag og organisasjonar gjør ein god innsats når det gjeld å gjøre barn og unge kjent med moglegheita for eit aktivt friluftsliv i kommunen. Skolane og barnehagane har også eit ansvar for å ta i bruk nærområda i undervisning, turar, til frileik m.m.

Det er eit mål at Hjelmeland kommune framleis skal vere ein ledande friluftskommune, og for at den gode tendensen skal halde fram satsar kommunen på følgjande tiltak:

- ”Frisk i friluft”-kommune
- Naturbarnehage /utebarnehagar tilrettelagt for fysisk aktive barn
- Øyremerka midlar til busstransport for skolar på tur – 2 gongar i året
- Kommunale tilskot til lag og organisasjonar

3. Resultatvurdering av gamal plan

Utviklinga i kommunen i perioden 1997 –2004

Det er frå 1997 og fram til i dag vore stor vekst i næringsverksemda i Hjelmeland. Folketalet har vore synkende inntil i 2003 då ein for første gang på lenge såg vekst i folketalet. Ein har også sett teikn på sentralisering, med vekst og bustadbygging i sentrumsområda. Først og fremst i Hjelmeland sentrum, men også på Fister og i Årdal.

Gjennomføring av prioritert handlingsprogram for perioden 1997 – 2001:

- | | |
|--------------------------------------|--|
| 1. Idrettshall | Hjelmelandshallen er bygd og sto ferdig i 2000. |
| 2. Skytebane | Skytebanen på Hetlandsheia er <u>ikkje</u> utvida til eit sentralskyteanlegg med både leirduebane og pistolbane. Hjelmeland jakt- og fiskarlag har ikkje avtale med grunneigar for bruk av område til leirdueskyting lenger enn ut 2004. Etter dette har ein ikkje eigna område for leirdueskyting som obligatorisk del av jegeropplæringa. Området er i gjeldande kommuneplan, arealdelen avsett til føremålet, og kommunen har starta opp reguleringsarbeid for området. |
| 3. Badeplassar/
friluftsområde | Det er opparbeidd/sikra badeplassar i Kjelavika på Fister, på Nesvik og i Haugevika i Jøsenfjorden. Ved Breilandsvatnet har kommunen ein bossdunk, men ikkje anna tilrettelegging. Det er ikkje opparbeid/sikra badeplassar på i Målandsdalen (Tysdal), på Nessa, på Randøy, i Tytlandsvik eller på Ombo. |
| 4. Funksjonærlokale/
lager –Årdal | <u>Ikkje</u> bygd. |
| 5. O-kart Åsen | <u>Ikkje</u> laga. |

Av langsiktige oppgåver for utbygging og tilrettelegging (10 –12 år) er det ikkje arbeid vidare med planar om symjehall med 25m basseng.

Planen har fungert som styringsverktøy i høve til å prioritera arbeidet med bygging av idrettshall, og i forhold til å prioritera arbeid med sikring av badeplassar. Nå er ikkje alle badeplassane sikra i samsvar med planen, men ein har nytta planen som eit politisk styringsverktøy i forhold til å prioritera desse framfor andre anlegg og område.

4. Status

Det ligg godt til rette for å drive barneidrett i kommunen. Hjelmelandshallen, gymsalane og ballplassane ved skolane er godt eigna for slik aktivitet, og relativt mange skolekrinsar gjer at behovet for anlegg til slik aktivitet er godt dekt.

Trimidrett tilrettelagt gjennom idrettslaga har og relativt gode kår. Hjelmelandshallen og gymsalane på skolane blir nytta til slik aktivitet. Nokre idrettslag, helselag og liknande har også ansvar for utlegging av turpostar. Hjelmeland kommune har trykt opp kartet "Turgleder" som gir ein oversikt over 6 turar i Hjelmeland kommune.

Anlegg

I tippemiddelsamanheng brukar Kulturdepartementet ulike anleggs kategoriar for å seie noko om kva geografisk område anlegget skal tene, plassering i forhold til brukar og kva funksjon anlegget skal ha.

Nærmiljøanlegg

Nærmiljøanlegg er anlegg eller område tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet, hovudsakleg plassert i tilknytning til bu - eller opphaldsområde.

Tab.1 Status nærmiljøanlegg

Anlegg	Sted	Standard	Ansvar for drift/vedlikehald
Leikeplassar	På skolane		Kommunen
Leikeplassar	Boligområde		Velforeningane
Fotballøkker			
Badeplassar		<i>-Bruksavtale med grunneigar</i> <i>- tilgang til toalett</i> <i>- parkeringsplass</i> <i>- sommarenovasjon</i>	Kommunen
Turløypenett	Nærområda	Godt utbygd	Kommunen/lag og organisasjonar
Ballplassar	Ved skolane	Ikkje kammål	Kommunen
Kart	Hjelmeland skule	Behov for oppdatering	Hjelmeland O-lag
Kart	Årdal skule	God	Hjelmeland O-lag
Kart	Fister skule	God	Hjelmeland O-lag

Når det gjeld behov for nærmiljøanlegg er det ikkje føreteke noko registrering av aktivitet i dei anlegga som eksisterer. Eit generelt trekk ved bustadområda i kommunen er nærleiken til skog og natur som i seg sjølv er arena for uorganisert fysisk aktivitet.

Ordinære anlegg

Ordinære anlegg er dei tilskotsberettigta anlegga som går fram av "Forskrifter og bestemmelser om stønad av spelemidlene til anlegg for idrett og friluftsliv". I hovudsak knytt til konkurranse og treningsverksemd for idrettsorganisasjonane.

Tab.2 Status ordinære anlegg

Anlegg	Sted	Standard	Ansvar for drift/vedlikehald
Fotball:			
Grasbane	Flåtene	Dårlig	Hjelm IL
	Årdal	Bra	Årdal IL
	Fister	Bra	Fister IL
Grusbane	Hjelmeland skule	Held ikkje kampmål	Kommunen
	Årdal skule	Held ikkje kampmål	Kommunen
	Randøy skule	Held ikkje kampmål	Kommunen
Friidrett			
Grasbane m/friidrettsanlegg	Årdal	Forelda	Årdal IL
Grasbane m/løpebane	Fister	Forelda	Fister IL
Volleyball			
Hjelmelandshallen	Hjelmeland	God	Fellesanlegg
Gymsal	Årdal skole	Spesielt tilrettelagt for volleyball	Kommunen
Sandvolleyball			
Bane	Randøy skule	God	Kommunen
Bane	Årdal skule	God	Kommunen
Handball			
Hjelmelandshallen	Hjelmeland	God	Fellesanlegg
Gymsal	Årdal skole	Kun til trening for yngre	Kommunen
Tennis			
2 utendørs banar (sommar)	Hjelmeland	Ikkje godt vedlikehaldne	Hjelm IL
Hjelmelandshallen (vinter)	Hjelmeland	God	Fellesanlegg
Langrenn			
Lysløype	Bjødabu	Ikkje egna til skiskøyting	Hjelm IL
Orientering			
Kart	Hagalid	Delvis forelda	Vaulen O-lag
Kart	Bjødabu	Delvis forelda	Stavanger O-lag
Kart	Fundingsland	OK	Stavanger O-lag

Skyting			
Skytebane	Hetlandsheia	100 og 300m. Elektroniske skiver	Hjelmeland skyttarlag
Skytebane	Jøsenfjorden	100 og 300m. Ikkje elektroniske skiver	Jøsenfjorden skyttarlag
Klatring			
Buldrevegg	Fister skule	God. Nivå; barn	Kommunen
Symjing			
Symjehall	Hjelmeland	12,5 m Ikkje tilrettelagt for handikappa	Kommunen
Diverse			
Gymsal	Randøy skule	God	Kommunen
Gymsal	Fister skule	God	Kommunen
Gymsal	Årdal	God	Kommunen
Gymsal	Jøsneset	God	Kommunen
Gymsal	Jøsenfjorden	God	Kommunen

Andre anlegg

Andre anlegg er anlegg som fremjar eigenorganisert trenings- og mosjonsaktivitetar, medrekna friluftsliv og leikprega aktivitet som ikkje blir dekt gjennom nærmiljøanlegg eller ordinære anlegg.

Tab.3 Status andre anlegg

Anlegg	Stad	Standard	Ansvar for drift/vedlikehald
Kortbane - golf	Randøy		Privat
Parkeringsplassar	Knytt opp mot turområder	Varierende	Uklar
Hytter	Fjellet	God	Turistforeininga
Uteskole	Randøy skole	God	Uklar
Turkart/Turgleder	Heile kommunen	Varierende	Kommunen

5. Målsetting for anleggsutbygging og sikring av areal for idrett og friluftsliv.

Hjelmeland kommune vil følgje opp lokale initiativ innafor bygging av anlegg. Anlegg som kan nyttast i skoletida eller er relatert til friluftsliv har prioritet.

Kortsiktige behov for anlegg og aktivitet (0 – 4 år)

Hjelmeland kommune har eit vidt spekter av anlegg, hovudsakleg i tilknytning til skolane. Endringar i samfunnet gjør at ein likevel stadig har behov for fornying av anlegga, og at ein treng å investere i nye anlegg. Det ein ser som tendens er at barn og unge i dag er mindre opptatt av organisert idrett, og ønskjer i staden anlegg for uorganisert fysisk aktivitet. Ein ser at det er eit behov for anlegg som ivaretek dette. Type anlegg som er tilpassa uorganisert aktivitetar, og som gir ungdomar utfordringar er bl.a. ballbingar, skaterampe, sykkeløype og basar.

Det er mange i Hjelmland som er interessert i jakt og fiske. Per i dag er det eit behov for å oppgradere standarden på skytebanen i Jøsenfjorden, og å opparbeide ein leirduebane i kommunen.

Ei satsing på friluftsliv fordrar at ein sikrar turstiane i kommunen, og etablerer nye løyper. I tillegg bør det opparbeidast badeplassar i henhold til tidlegare plan. Kommunen har i dag fleire historiske stiar som treng oppgradering slik at dei kan nyttast av befolkninga, og det er eit behov for at det opparbeidast tilstrekkelig parkeringsplassar i tilknytning til turløypene.

I Hjelmland er det eit aktivt hestemiljø som ønskjer eit betre tilbod til hesteeigarar og andre interesserte. Eit anlegg/ridesenter vil gi eit godt tilbod til barn, unge og vaksne som er interessert i hest. Eit slikt ridesenter er mogleg å få til i samband med utbygging av grusbane m/kampmål i Årdal.

Langsiktige behov for anlegg og aktivitet (5 – 12 år)

På litt lengre sikt ser kommunen eit behov for å bygge ein ny symjehall med storleik 25 meter, og eit varmebasseng/barnebasseng. Slik situasjonen er i dag er symjehallen berre 12,5meter, noko som ikkje held mål for trimmarar. I tillegg er det vanskeleg å kombinere varmebad/babysvømming med trimaktivitetar. Dette gjør at badet ikkje kan gi eit ønskeleg tilbod til kommunens innbyggjarar.

Hjelmeland kommune er ikkje i toppen når det gjeld tilbod om vinteraktivitetar. Dette skuldast naturlege forhold, med lite snø etc. Dersom Hjelmland skal oppretthalde det gode miljøet for ski i kommunen, må tilbodet som er i dag utvidast. Eit område for skileik gir eit tilbod til barn og unge når det gjeld uorganisert aktivitet, utfordringar og leik og moro. Det bør også vurderast om ein skal investere i ein snøkanon for å ivareta stabile forhold for skiaktivitetar i Hjelmland. Vinters tid er skøyter eit alternativ til ski. I Hjelmland har det ikkje vore noko anlegg for aktivitetar på is. Barn, unge og vaksne som ønskjer å stå på skøyter har vore avhengig av naturleg is, eller å dra til andre kommunar for å gjere dette. Det bør vere mogleg å få til ein isbane i kommunen i perioden.

6. Program for utbygging av idretts- og friluftsanlegg

Ettårig prioritert program

Tiltak som skal gjennomførast i 2005. Desse tiltaka skal vere ein del av HP.

Tab.4 Prioriterte tiltak i 2005

Pri.	Tiltak	Budsjetår	Investeringskostnader		
			Kommunen	Spelemidler	Eigenandel
1	Ballbinge, Årdal	2005	65000	200000	173000
2	Ballbinge, Fister	2005	65000	200000	173000
3	Ballbinge, Hjelmeland	2005	65000	200000	173000
4	Skatebane, Hjelmeland	2004/2005	25000	40000	24622

Kortsiktig prioritert program (2 - 4 år)

Tiltak som skal gjennomførast dei næraste åra. Desse vil etterkvart kome over i det eittårige programmet når det blir rullert.

Tab.5 Tiltak for 2006-2008

Pri.	Tiltak	Budsjetår	Totale investeringskostnader ¹
1	Sikring av turstiar	2006	50000
2	Uteareal/base skole/barnehagar	2006	50000
3	Sykkelløype, Fister	2006	50000
4	Riskedal – tur-/sykkelsti ²	?	?
5	Fleirbrukssanlegg ³ , Årdal	2006-08	5000000
6	Rundløype, Steinslandvatnet	2008	225000
7	P-plassar i forbindelse med turstiar	2008	50000
8	Historiske turstiar	2008	30000
9	Leirduebane, Hetlandsheia	2008	-
10	Flytting av fotballbanen frå Flotene ⁴	?	?

¹ Desse kostnadane skal delast mellom organisasjon/lag, kommune og tippemidler.

² Må sjåast i samanheng med trafikktryggingstiltak langs RV 13 ("Ingen å miste! Plan for trafikktrygging 2005 - 2008 tab.6). Må også avklarast i forhold til "Prestevegen".

³ Fleirbrukssanlegg ved idrettsbanen i Årdal bestående av trinn1: utandørs bane 50*105 m (kampmål for fotball), trinn 2: hall med innandørs grusbane 20*40m, trinn 3: stallanlegg og kafe. Fleirbrukssanlegget er tenkt brukt til ballidrett, badminton, golf, riding, hestekøyring, klatrevegg, BMX, agility, sauehundtrening, messer m.m.

⁴ Det må avklarast i forhold til tippemidler, nytt område for banen m.m.

Langsiktige behov for anlegg – uprioritert rekkefølge (5 - 12 år)

Noko av behova er det ikkje mogleg å gjøre noko med på kort sikt. Desse behova krev eit litt lengre perspektiv.

Tab.6 Tiltak i perioden 2009-2016

Tiltak	Sted
Symjehall – 25 m og varme-/barnebasseng	Hjelmeland
Skileikområde	Bjødabu
Snøkanon	Bjødabu
Isbane m/lys	Fister

7. Økonomiplan knytt til drift og vedlikehald av eksisterande kommunale anlegg

Anlegg	Stad	Årlige vedlikehald- og driftskostnader
Leikeplassar	Skulane	50000
Badeplassar		70000
Ballplassar	Skulane	20000
Hjelmelandshallen	Hjelmeland	500000
Gymsal	Årdal skule	80000
Gymsal	Randøy skule	50000
Gymsal	Fister skule	50000
Gymsal	Vormedalen	50000
Gymsal	Jøsneset	50000
Symjehall	Hjelmeland	200000
Lysløype	Bjødabu	25000
Tennisbane ⁵	Breidablikk	15000

⁵ IL Hjelm eiger tennisbanen. Kommunen eiger området omkring banen, og må vedlikehalde dette området. Kommunen føreset at IL Hjelm held banene i orden.

8. Rutinar for rullering

Kulturleiar har ansvaret for den årlege rulleringa av eittårig prioritert program og kortsiktig prioritert program. Den langsiktige delen skal reviderast kvart 4. år. Rådgivar for plan- og utvikling har ansvaret for å gjennomføre revisjon. Ved rullering av det kortsiktige handlingsprogrammet i planen legg ein opp til at dette blir rullert som ein del av det 4-årige Handlingsprogram med økonomiplan som kommunen rullerer kvart år.

9. Tabelliste

Tab.1 Status nærmiljøanlegg.....	8
Tab.2 Status ordinære anlegg.....	9
Tab.3 Status andre anlegg	10
Tab.4 Prioriterte tiltak i 2005	12
Tab.5 Tiltak for 2006-2008	12
Tab.6 Tiltak i perioden 2009-2016.....	13

10. Litteratur

- Kulturdepartementet: *Veileder i kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet (V-0798)*, 2000
- Rundskriv V-5/98 frå Kulturdepartementet
- St.meld. nr. 39(2000-2001) "Friluftsliv - Ein veg til høgare livskvalitet".
- St.meld. nr.14 (1999-2000) "Idrettslivet i endring - om statens forhold til idrett og fysisk aktivitet".

11. Vedlegg - Kart